



VITJAR STORD: Gørild Mausest debuterte som filmskodespelar i 1993 med rolla som Ragna i Telegrafisten. No er ho aktuell med filmen Karenina. PRESSEFOTO

Legg reiseruta innom Stord

I denne veka kjem Gørild Mausest for å sjå filmen, Karenina & I, saman med kinopublikummet på Stord kulturhus.

Fram til sommaren skal Gørild Mausest besøka rundt 60 kinoar i Norge, saman med film- skapar og ektemann Tommaso Mottola. Dei har begge skrive manuset til filmen Karenina &

I, basert på Anna Karenina av Leo Tolstoj. No reiser dei rundt i landet i samband med at filmen blir vist på norske kinoar.

Opnar for spørsmål

Turneen starta 18. februar, og Norgespremierer 24. februar blei lagt til heimstaden hennar, Kjøllefjord i Finnmark.

– Til no har me besøkt kinoar i Finnmark, Troms, Nordland, Nord- og Sør-Trøndelag. Me har også vore ein tur innom Oslo, og no er det Vestlandet som står for tur, fortel Mausest.

På torsdag vil dei vera til stades i kinosalen på Stord kulturhus både før og etter filmen.

– Me har lagt opp til å reisa rundt slik me gjorde me teaterframsyninga i 2012. No besøker me mange av dei same stadene der me var med Riks teatret. Det blir som ein premiere på kvar plass me reiser til, seier Mausest.

Eitt av måla med turneen er at flest mogeleg skal få oppleve eit besøk av filmskaparane, med høve til å stilla spørsmål.

– Det å laga film er ein enormt krevjande prosess, og eg trur det er få som veit kor

mykje som skal til for å laga ein film. Her får dei høyra om heile prosessen frå idé til ferdig resultat, seier skodespelaren.

Lang reise

Sjølve filmen beveger seg i eit landskap mellom fiksjon og verkelegheit, og handlar om Gørild Mausest som skal spela Anna Karenina på eit språk ho aldri har snakka, i heimlandet til forfattaren. Ho legg ut på ei reisa for å læra russisk og oppdaga dei eigentlege årsakene til at Tolstoj skreiv romanen.

– Men det er ikkje slik at du må ha lest boka for å forstå filmen, meiner Mausest.

Ho seier at filmen tek publikum med på ei reise som er vanskeleg å få tilgang til elles.

– Her vil ein få innblikk i kva det vil seia å vera eit skapande menneske, og kva det vile seia å vera seg sjølv som menneske. Eg trur mange vil kunne kjenne seg att i filmen, seier skodespelaren.

► **Anita Haugland**

anita@sunnhordland.no

Kjem tilbake til jazzklubben

► **KONSERT:** Fredag får Stord Jazzklubb besøk av bandet Tazano. Blant medlemmene er to av landets mest ettertrakta jazzmusikarar, Tor Yttredal og Stein Inge Brækhus.

– Det som byrja som eit forskingsprosjekt – eit djupdykk i afrikanske folkemusikktradisjonar – vart til eit fantastisk band som nyttar element frå desse tradisjonane i improvisasjon og eigne jazzkomposisjonar. Med drivande rytmar og fengjande melodiar tar bandet publikum med til ei spennande musikalsk verd. Bandet har overalt fått varm mottaking og strålende

kritikkar. Tanzania er eit land fattig på pengar, men rikt på kultur. Det siste trur me vil bli bevisa til fulle under Stord jazzklubb sin konsert på Grand Hotell kvelden før Tazano spelar på Vossajazz, heiter det i ei pressemelding.

Blant medlemmene finn me to av dei mest ettertrakta jazzmusikarane i landet, Tor Yttredal (t.h.) og Stein Inge Brækhus (nummer to frå venstre). Dei vit-



ja jazzklubben i lag med Trio de Janeiro i fjor haust. Musikarane trefte kvarandre for første gong i Tanzania i 2008. Etter det har

dei spelt saman nesten kvart år, med konsertar både i Tanzania og i Norge. I 2013 gav dei ut albumet Tazano.

Planlegg Kystsogevøkene

► **KYSTKULTUR:** Kystsogevøkene går i år frå 12. august til 17. september.

– For dei som går svanger med eit potensielt arrangement er det no tid for å starta planlegginga. Ta gjerne kontakt med meg for å drøfta idear, seier dagleg leiar for Kystsogevøkene, Kjell Magnus Økland. Han minner elles om at leveringsfristen for det som skal med i programheftet i år er 1. mai, medan fristen for å søka arrangementsstønad frå Kystsogevøkene er 1. juni. Kystsogevøkene går føre seg i 22 kommunar frå Gulen i nord til Sveio i sør.